

SAK 62/08 SØKNAD OM STØTTE TIL MUSIKALEN OLIVER

Saksopplysning

I søknad dat. 12.9.2008 (vedlegg 1) søker ungdomskoret Tapas om støtte til å setja opp musikalen Oliver Twist. Oppsetjinga er i samarbeid med Gol Kulturskule.

Ungdomskoret Tapas (<http://www.klubbinfo.no/tapas/>) består av om lag 60 medlemmer frå heile Hallingdal i alderen 10 til 18 år.

Oppsetjinga har ei kostnadsramme på ca. kr. 570.000.

Hovudinntektene er billettinntekter som er rekna til kr. 170.000, tilskot frå Gol kommune kr. 135.000 og sponsor/annonseinntekter på kr. 245.000.

Totalt er det rekna med 4 framsyningar på Gol samfunnshus, i tidsrommet 11.11 – 15.11.2008.

Vurdering

Dette er nok eit godt eksempel på eit tiltak for ungdom med regionalt tilsnitt. Det kan synast noko uklart om det er ungdomskoret Tapas eller Gol kulturskule som er ansvarleg for oppsetjinga. Men etter avklaring med Gol kommune er det Tapas som står økonomisk ansvarleg for prosjektet og har prosjektansvaret.

Dette er utan tvil eit positivt tiltak, som syner noko av mangfaldet og samarbeidet innan kulturlivet i Hallingdal. Søknaden reiser likevel eit prinsipielt spørsmål som det kan vera føremålstenleg at Regionrådet drøftar:

1. Skal det kunne nyttast regionale utviklingsmidlar til teater/musikkoppsetjingar som har utgangspunkt ei kommune.
2. Skal det kunne nyttast regionale utviklingsmidlar til teater/musikkoppsetjingar som har utgangspunkt ei kommune, men som også har eit regionalt tilsnitt.
3. Skal det berre løyvast regionale utviklingsmidlar til teater/musikkoppsetjingar som er regionale.

Dersom det kan nyttast regionale utviklingsmidlar til pkt. 1 og/eller 2 bør det også utarbeidast nærare retningslinjer for tildeling, ut frå at det nok vil kunne bli ein del tiltak gjennom året, som kan søke om midlar.

Slik dagleg leiar vurderar oppsetjinga av musikalen Oliver Twist, er dette ei oppsetjing med utgangspunkt ei kommune, men med regionalt tilsnitt ut frå at Tapas er eit regionalt ungdomskor.

Vedtak

Ål 25.10.2008

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg

1. Søknad, dat. 12.9.2008, om støtte til oppsetjing av setja opp musikalen Oliver Twist.
2. Budsjett
3. Brosjyre



SAK 62/08, VEDLEGG 1



Regionrådet for Hallingdal
regionraadet@hallingnett.no

Gol, 12. September 2008

SØKNAD OM STØTTE TIL MUSIKALEN OLIVER TWIST

Ungdomskoret Tapas skal i samarbeid med Gol Kulturskule og Gol kommune sette opp musikalen Oliver Twist 11.-15. november 2008.

Ungdomskoret Tapas består i dag av om lag 60 medlemmer frå heile Hallingdal, frå Flå i aust til Hol i vest og Hemsedal i nord. Ungdommane er i alderen 10 til 18 år. For oss er det viktig med eit godt sosialt miljø på tvers av kommunegrensar og på tvers av alderstrinn. Ungdommar med ulike bakgrunn, og med ulike forutsetnader deltek på oppsetnaden. Felles for dei alle er at dei er glade i å synge. Vi har erfarne elevar som Kjersti Anderdal Bakken (Gol), Vetle Springgard (Ål) og Gunhild Elisabeth Berget (Nes) saman med Tapaskoret. Koret har etterkvart fått god erfaring med ulike arrangement og konsertar dei siste åra.

Koret har ei ordinær øving per veke, og vi har tilsett dirigent 2,5 t per veke. Vi har 2 ungdomsrepresentantar med i styret. I tillegg til øvingar legg også styret vekt på sosiale aktivitetar. Vi arrangerer turar som teatertur til Oslo, musiktur til London og øvingshelgar med overnatting for alle. På øvingshelgane avvekslar vi med matkurs, ulike danse- og rytmekurs, uteaktivitet, fotografering m.m. Vi legg også vekt på å føre vidare lokale tradisjonar, både innan dans, kveding og mat, men vi ser oss også omkring og prøver å fange opp det som skjer rundt oss. Vi integrerer våre nye sambygdingar, med instruktørar både frå Cuba, USA og Russland.

Vi er inne i "Mangfoldighetsåret", og vi også prøver å legge til rette for mangfald og utvikling for den enkelte.

Til oppsetnaden av Oliver er koret er allereie godt i gang med å øve, sy kostymer, planlegge kulisser og sette saman programmet. Produksjonen er ein formidabel dugnadsinnsats frå alle foreldre og ungdommane sjølv.

Gunhild Gåsvik er prosjektleiar, produsent og kordirigent. Eit symfoniorkester, med 14 musikera, og kapellmeister Arild Jensen skal delta på forestillingane. Aasne Bjørge Haugeplass har teikna kostymer og kulisser. Iris Almås Tangeraas står for koreografi. Tor Magne Hallibakken har ansvaret for lyden. Vi brukar berre lokale aktørar til denne forestillinga. For oss er det viktig å skape eit levande og godt kulturtilbod for ungdommane i nærmiljøet vårt, og samstundes gje dei lokale profesjonelle aktørane store nok utfordringar.

Vi har store utfordringar i å finne inntekter/sponsorar til oppsetnaden vår. Som de ser av vedlagt budsjett skal prosjektet finansierast gjennom billettinntekter, sponsor- og reklameinntekter, fond og gjennom tilskot frå Gol kommune. Vi håpar at de også vil gje økonomisk støtte til dette prosjektet.

SAK 62/08, VEDLEGG 1



Oliver!

For evt. meir informasjon om koret Tapas og oppsettningen av Oliver – se vedlagte informasjonsfolder eller våre heimsider: www.klubbinfo.no/tapas Ta gjerne kontakt dersom noko er uklart.

Me håper på eit positivt svar, og ser frem til å høyre frå dykk.

Med venleg helsing
for koret TAPAS/Oliver

Nina Nymoen
leder sekretariat

BUDSJETT OLIVER TWIST revidert 17.06.08

Billettinntekter	kr	170 000	700v x200,- + 300b x 100,-
Gol Kommune	kr	135 000	
Sponsor og annonserinntekter	kr	245 000	
Inntekter bevertning	kr	8 000	
Salgsinntekter	kr	12 800	

SUM DRIFTSINNTEKTER kr 570 800

Scenografi	kr	20 000	
Rekvisitt/design	kr	8 000	
Kostyme	kr	25 000	
Sminke/hår	kr	15 000	
Teknisk	kr	-	
Lyshonorar	kr	40 000	honorar + utstyr
Lydhonorar	kr	50 000	
Musikkhonorar	kr	140 000	
Lønn/honorar	kr	130 000	
Beverting	kr	18 500	
Produksjonsgruppa	kr	22 000	
Husleige	kr	33 200	
Kontorrekvisita	kr	2 000	
PR	kr	64 255	
Unicef	kr	2 000	


SUM DRIFTSKOSTNADER kr 569 955

Underskudd kr 845


Priser annonsering:

Annonse i program 74mm x 42mm	kr 650,-
Annonse i program 113mm x 88mm	kr 1500,-
Bannerannonse Tapas nettside	kr 2000,-
Roll-ups i foaje/kafeteria på Samfunnshuset	kr 5000,-
Annonse på storskjerm i salen	kr 5000,-

Annonse størrelser vist i 100%:



Annonse 74mm x 42mm
1/12 side - kr 650,-



Annonse 113mm x 88mm
1/4 side - kr 1500,-

Kontaktpersoner for annonsering:

Håkon Bøygard tlf. 91375500

Nina Nymoen tlf. 92899010

e-post: boygaard@online.no

e-post: ninymoen@frisurf.no

MANUS, MUSIKK OG TEKST AV LIONEL BART

Oliver!

GOL SAMFUNNSHUS

PREMIERE
TIRSDAG 11.11 KL. 18.00

FORESTILLINGER:
TORSDAG 13.11 KL. 18.00
FREDAG 14.11 KL. 18.00
LØRDAG 15.11 KL. 16.00

KORET TAPAS
GOL KULTURSKULE

Endelig kommer Oliver Twist til Hallingdal. Oliver Twist er en klassiker av de sjeldne. Den rørende historien om fattiggutten som kjemper for å overleve i 1800-tallets London, har blitt vist på TV og film mange ganger. Nå kan du oppleve TAPAS sin versjon på Gol.

Med forestillingen setter vi fokus på barnearbeid. En del av billettinntektene går til UNICEFs "Beste start på livet"-prosjekt i Nepal som blant annet støtter ettermiddagsskole for barnearbeidere.



Skole er det beste middelet mot barnearbeid, og utdanningen vil gi dem større muligheter til å stå på egne ben og komme videre i livet.

Gol kulturskule i samarbeid med koret TAPAS står bak oppsetningen. Nesten 60 barn og unge fra hele Hallingdal i alderen 8-18 år har siden vinterferien øvd fram mot premieren i november. Stykket inneholder både teater, sang, musikk og dans. Med andre ord - en ekte musikal. Orkesteret er satt samman av musikere fra hele Hallingdal.

Stykket handler om Oliver Twist som vokser opp på et fattighus der han får mer juling enn mat. Han rømmer, men havner blant lommetjuver og kjeltringpakk. Dessuten prøver mørke krefter å rydde gutten av veien. Oliver bærer på en hemmelighet han selv ikke er klar over.



Regi: Gunhild Gåsvik
Koreografi: Iris Almås Tangeraas
Musikkansvarlig/kapellmester: Arild Jensen
Kostyme/scenografi: Aasne Bjørgo Haugeplass

